UiT

NOREGS
ARKTISKE
UNIVERSITET

2018

Rapport frå arbeidsgruppe om sosialfaga

I serien koordinering av sentrale fagmiljø og utdanningar ved UiT

Nedsett av universitetsdirektøren våren 2018
November 2018

UNIVERSITETET I TROMSØ

Innhald

	Side
Forord	**2**
Kap. 1 Samandrag	**3**
Kap. 2 Mandat	**4**
Kap. 3 Medlemmene av utvalet	**6**
Kap. 4 Sosialfaga: Kjenneteikn og arbeidsfelt	**6**
Kap. 5 UiT: Sosialfagleg profil	**10**
Kap. 6 Relevante tiltak	**13**
Kap. 7 Kva for prinsipielle spørsmål reiser tiltaka?	**18**
Kap. 8 Kva er positive og negative verknader av tiltaka?	**25**
Kap. 9 Kva for tiltak tilrår utvalet?	**26**
Kap.10 Føresetnader for vellukka gjennomføring	**27**

Forord

Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet skal i følgje plan for verksemda i 2019 laga ein plan for koordinering av sentral fagmiljø og utdanningar. Planen skal byggja på ein serie utgreiingar av utvalde miljø. Denne rapporten omhandlar sosialfaga og utviklinga av desse. Sosialfaga blei i 2017 samla ved to institutt (IBS og IVP) på kvar sitt fakultet (HSL og Helsefak) og rapporten drøftar korleis UiT med dette utgangspunktet kan få til den utviklinga vi ønskjer av fagmiljøa og utdanningane.

Utvalet har hatt medlemmer frå dekanata ved dei to fakulteta og frå leiingane ved dei to institutta. Viserektor Sveinung Eikeland har leia utvalet. Gjennomgangen og forslaga i rapporten er ikkje behandla av fakulteta og står for utvalet si rekning. Rapporten er utarbeidd gjennom fire møte mellom juni og november 2018, samt ein siste runde der det enkelte medlem har gått gjennom utkast til sluttrapport. Det er likevel utvalsleiar som har ansvaret for den endelege utforminga av rapporten.

Alta 28. november 2018

Sveinung Eikeland

Leiar av utvalet «videre utvikling av sosialfagene ved UiT»

Kap 1 Samandrag

Rapporten frå utvalet er bygde rundt omgrepa «sosialfag» «sosialt arbeid», og «tiltaksområde». *Sosialfaga* inkluderer faga som inngår i utdanninga av vernepleiarar, tilsette i barnevernet og sosionomar. Dei fleste av sosialfaga er representert i fagmiljø og studieprogram ved Institutt for barnevern og sosialt arbeid (IBS) og Institutt for vernepleie (IVP). *Sosialt arbeid* er profesjonelt arbeid der brukarorienterterte og reflekterte yrkesutøvarar yter støtte og hjelp til utsette med sosiale utfordringar og problem som både kan ha individuelle og samfunnsstrukturelle årsaker. Utdanning, forsking og praksis i sosialt arbeid er ein del av, men ikkje heile, verksemda til sosialfaga. «*Tiltaksområde*» er felt der Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (UiT) kan utvikla spesifikke tiltak for å styrka sosialfaga, der rapporten vektlegg kunnskap om og i sosialt arbeid.

Rapporten drøftar kjenneteikn ved profesjonskunnskap i sosialt arbeid, og tar som utgangspunkt for tilrådingane at slik kunnskap utgjer noe av det praksis, utdanning og forsking innan vernepleie, barnevern og utdanning av sosionomar har felles. Dette betyr likevel ikkje at «sosialt arbeid» har nøyaktig det same innhaldet i dei tre utdanningane eller i praksis i vernepleie, barnevern og i yrkesutøvinga til sosionomar, men målsetjingar og grunnleggjande faglege tilnærmingar er felles. Rapporten viser t.d. også til at vernepleiarar, barnevernspedagogar og sosionomar har noe forskjellige posisjonar i arbeidsmarknaden.

Rapporten legg til grunn at kunnskap i sosialt arbeid kan identifiserast ved fagmiljøa og i studieplanane ved institutt for barnevern og sosialt arbeid (IBS) og institutt for vernepleie (IVP. Både fagmiljøa og utvalet meiner at sosialt arbeid i dei tre faga skal utgjera ein betydeleg del av forsking og utdanning ved IBS og IVP. Kunnskapen er i dag sentral i alle studieprogramma ved dei to institutta, og utgjer etter utvalet si kartlegging minst 50 prosent i alle bachelorprogramma. Dette blir ikkje reflektert i den faglege samansetjinga av miljøa, der særleg innslaget mellom tilsette med dr. grad er lågt ved at under 20 prosent har spesialisering i sosialt arbeid. Utvalet meiner at det må vera eit mål for UiT at spesialisering i sosialt arbeid i fagstabane skal styrkast betrakteleg. Utvalet meiner at i tillegg til gjennom fagutviklinga på dei to involverte fakulteta, skal styrkinga også skje gjennom samarbeid mellom Det helsevitskaplege fakultetet (Helsefak), Fakultet for Humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL) og dei delane av offentleg og privat velferdssektor som gjennom å tilsetja kandidatar og bruka forsking frå våre fagmiljø.

Utvalet meiner at følgjande mål er sentrale for UiT si utvikling av sosialt arbeid og sosialfaga:

- Sikra at minst 50 prosent av fagstabane totalt ved IBS og IVP har spesialisering i sosialt arbeid retta mot aktuelle grupper og sikra at denne kompetansen oppfyller NOKUTs krav.
- Sikra kvalitet gjennom felles koordinering av praksis i grunnutdanningane.
- Sikra at UiT har masterutdanning i sosial arbeid, enten gjennom tre, to eller eit program.
- Sikra rettleiarkompetanse i dr. grad. utdanningane i sosialt arbeid.
- Sikra at master - og dr. - gradutdanninga har forankring i vitale og relevante

forskingsgrupper.

- Sikra kunnskap i sosialt arbeid gjennom kombinerte stillingar med velferds-institusjonar.
- Utvikla relevante internasjonal forskingspublisering gjennom (eventuelle) felles II'ar stillingar.

Utvalet tilrår at ein del av UiT sitt samla arbeid med å realisera desse utviklingsmåla bør skje gjennom eit utval for «utvikling av sosialfaga ved UiT» samansett av Helsefak og HSL, Senter for karriere og arbeidsliv (SKA) og sentrale organisasjonar i velferdssektoren som følgjer utviklinga i dei relevante fagmiljøa. Utvalet er rådgjevande i høve til fakulteta, institutta og studieprogramma. SKA si rolle er å koordinera og organisera praksisavtalar i bachelorutdanningane.

Utvalet har ikkje behandla eller avklart økonomiske føresetnader for å realisera utviklingsmåla.

Kap 2 Mandat

Utvalet si overordna oppgåve er å sjå nærare på kva som skal vera kjenneteikn ved forsking og utdanning i sosialfaga ved UiT, og korleis UiT kan sikra ei god utvikling i desse faga etter at styret vedtok at IBS skulle leggjast til HSL og IVP til Helsefak.

Utvalet sitt hovudmål er å foreslå verkemidlar som bidreg til at verksemda ved sosialfaga blir integrert og koordinert slik at dei medverkar til å styrka UiTs kunnskap i og om sosialt arbeid sjølv om relevante fag er organisert ved fleire fakultet. Utvalet skal trekkja vekslar på utgreiinga til det eksterne ekspertutvalet som handsama «organiseringen av fagmiljøene innen sosialfag ved UiT Norges arktiske universitet», Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) sitt nylige tilsyn med bachelorprogramma i sosialfaga, og eventuelt eigne analysar.

Når det gjeld tilsynet med dei sosialfaglige bachelorprogramma, har NOKUT nyleg oversendt dei endelege tilsynsrapportane og informert UiT om at tilsynet no er avslutta. Utvalet blir bedt om å leggje til grunn dei vurderingane og tilrådingane som er gitt av NOKUT og dei sakkyndige samt UiTs tilsvar til dette - både når det gjelder vidare utvikling av studia og FoU-arbeidet, systematisk samarbeid med praksisfeltet, stabile forskingsgrupper, samt betre integrering av FoU i utdanningane. Gruppas arbeid må også ta omsyn til nødvendige endringar som direkte følge av implementeringa av nye forskrifter til retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane.

På denne bakgrunnen ber universitetsdirektøren utvalet meir spesifikt om å foreta følgjande undersøkingar og drøftingar:

- Kartlegga den faglege samansetjinga av fagmiljøa ved sosialfaga ved UiT, det vil sei andelar profesjonsfagleg spesialisering og andelar disiplinfag.

- Kva skal vera forholdet mellom profesjonsfaga og disiplinfaga i dei sosialfaglege grunnutdanningane?

- Kva skal kjenneteikna forholdet mellom profesjonsfaga og disiplinfaga i masterutdanningane? Blir eksempelvis konsekvensen av vektlegging av profesjonsfaga at masterutdanningane blir erfaringsbaserte?

- Korleis skal utdanninga på ph.d.-nivå leggjast opp:

A) som ei eiga profesjonsfagleg studieretning

eller

B) innanfor disiplinfaglege spesialiseringar?

I tilfellet det siste: Korleis unngå fragmentering og utilsikta spesialisering knytt til tilboda ved dei respektive fakulteta?

- Korleis skal UiT sikra at fagmiljøa har tilstrekkeleg med førstestillingar og forskingskompetanse (jf. NOKUTs krav og UiTs strategiske ambisjonar)?

- Bør det vera ei felles organisering av praksis i utdanningane?

- Skal sosialfaga ha ein bestemt fagleg profil/spesialisering ved UiT? T.d. vektlegging av integrering, urfolksperspektiv m.v.

- Kva fagleg profil skal UiT vektleggja ved rekruttering av toppstillingar ved dei to institutta?

- Bør det etablerast eigne forskingsgrupper på tvers av fakulteta, eller skal dette skje innanfor dei einingane fagmiljøa er del av?

Universitetsdirektøren bad gruppa «om å levere en kortfattet rapport med sine forslag innen 1. november 2018».

Gruppa har vald å byggja opp rapporten med utgangspunkt i statens utgreiingsinstruks: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/instruks-om-utredning-av-statlige-tiltak-utredningsinstruksen/id2476518/

Kap 3 Medlemmene i utvalet

Alfabetisk er dette prodekan Synnøve Thomassen Andersen HSL, viserektor Sveinung Eikeland (leiar), instituttleiar Nina Hermansen IBS, instituttleiar Bjørn-Eirik Johnsen IVP og prodekan Geir Lorem Helsefak. Studentparlamentet skulle oppnemna to studentrepresentantar Desse er aldri meldt til sekretæren og ingen har delteke på møta.

Kontorsjef Ingvar Hauge IBS har vore sekretær for gruppa.

Det er avvikla fire møte. På eit møte deltok prorektor Kenneth Ruud (vedrørande organisering av dr. gradutdanning) og seniorrådgjevar Arnfinn Andersen frå Helsefak (vedrørande organisering av praksis). På eit anna møte deltok Ivar Lie frå SKA (vedrørande analyse av kor kandidatar frå dei tre grunnutdanningane arbeider). Han har også skrive eit avsnitt i rapporten.

Kap 4. Sosialfaga: Kjenneteikn og arbeidsfelt

Sosialt arbeid og sosialfag

Det grunnleggjande samfunnsproblemet eller - utfordringa for sosialfaga kan stillast slik: Korleis kan høgre utdanning, forsking og praksis medverka til å førebyggja, redusera og meistra sosiale problem, d.v.s. medverka til at folk får gode liv gjennom å bli integrerte eller deltakarar i primært det norske samfunnet.

Sosialt arbeid nærmar seg dette med utgangspunkt i systematikk, verdiar, heilskapsperspektiv og gjennom profesjonelt arbeid i ansikt til ansikt relasjonar med folk som treng støtte og hjelp. Kjernen er støtte og hjelp til utsette med sosiale utfordringar og problem som både kan ha individuelle og samfunnsstrukturelle årsaker.

Sosialfaga gir kunnskap om integrasjon og inkludering som ikkje er primært retta mot helse eller mot utdanning. Deltaking i samfunnsliv skjer ofte gjennom arbeid som igjen betingar utdanning og god helse, og skolen er ein sentral inkluderingsarena for ungar. Det sosialfaglege omfattar både praksis, utdanning og forsking.

Sosialfaglege perspektiv kan gjerne delast i tre:

a) Eit breitt fagfelt rundt *utvikling av praksis* i sosialt arbeid. Den internasjonale sosialarbeiderorganisasjonen, International Federation of Social Workers (IFSW), har

følgjande definisjon på sosialt arbeid (revidert, juli 2014). Definisjonen blir også brukt i ein norsk samanheng:
Social work is a practice-based profession and an academic discipline that promotes social change and development, social cohesion, and the empowerment and liberation of people. Principles of social justice, human rights, collective responsibility and respect for diversities are central to social work. Underpinned by theories of social work, social sciences, humanities and indigenous knowledge, social work engages people and structures to address life challenges and enhance wellbeing. (IFSW, 2014)

b) Eit fagfelt som er ein del av a) rundt kunnskap om «hjelp til sjølvhjelp» eller det som ofte omtalast som «empowerment» som kan omsetjast til å generelt styrka muligheter for innflytelse over eigen situasjon (https://tidsskriftet.no/2000/08/sprakspalten/styrking-det-rette-norske-begrep-empowerment). For å lukkast her må hjelpeapparatet fungera effektivt, på denne bakgrunnen er profesjonsutøvaren med på å *utvikla sosialpolitikk*.

c) Eit akademisk disiplin fagfelt (jfr. også a)) rundt utvikling kunnskap om vilkår for sosial integrasjon, inkludering, deltaking, internalisering, kontroll og kultur som del av klassiske disiplinfag som sosiologi, antropologi, samfunnsgeografi, psykologi eller pedagogikk.

Sosialfaga i Noreg, også ved UiT, utviklar og organiserer høgre utdanning, forsking og praksis gjennom tre fagområde:

- Sosionomutdanningar og fagmiljø rundt forsking der som er ei brei tilnærming i den meininga at området inkluderer mange sosiale grupper og mange problem eller utfordringsfelt knytt til integrering, inkludering og hindring av marginalisering, utestenging eller utstøyting.
- Barnevernutdanning, - forsking og - praksis fokuserer breitt på utsette born og unge og deira familiesituasjon og nærmiljø.
- Vernepleie, støtte og bistand til folk som av ulike grunnar er skilt ut frå «ordinært» samfunnsliv. Tradisjonelt har menneske med utviklingshemming vore ei viktig målgruppe for kandidatane frå utdanninga.

Læringsutbytte og arbeidsfelt

Kunnskapsdepartementet understrekar posisjonen til desse utdanningane i samfunnsutviklinga gjennom sine nye forslag til retningsliner for læringsutbytte i helse – og sosialfaglege utdanningar (RETHOS) som er sendt på høyring i 2018 (https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-nasjonale-retningslinjer-for-helse--og-sosialfagutdanninger/id2593119/). I følgje høyringsteksten skal sosionomar skal fremja sosial inkludering og verdige livs – og oppvekstvilkår i samarbeid med menneske og gjennom å kunna endra rammevilkåra sine. Barnevernet skal kunna møte ungar i utsette livssituasjonar med omsorg, forståing og empati og ha evne til å utføra og organisera førebyggande - , utviklings – og helsefremjande arbeid på individ, gruppe og samfunnsnivå med utgangspunkt i barnets beste. Departementet understrekar at barnevernutdanningane skal

vera kunnskapsbaserte, både med omsyn til forsking og erfaring. Vidare er posisjonen til samiske born understreka. Vernepleieutdanning skal ta utgangspunkt i kunnskap om funksjonsnedsettingar og sosiale tilhøve som skapar funksjonshemming. Og den skal fremja sjølvbestemming, deltaking, meistring, helse og livskvalitet. Bachelorgrad i vernepleie gir autorisasjon som vernepleiar i følgje lov om helsepersonell.

Senter for Karriere og Arbeidsliv (SKA) har analysert i kva yrke og tenester kandidatane frå sosialfagmiljøa ved UiT tek jobb gjennom m.a. kandidatundersøkinga til UiT. (Dette avsnittet er skrive av Ivar Lie ved SKA.)

Kandidatane frå dei tre sosialfaga går ut i ulike segment av arbeidsmarknaden, og i ulike tenester innanfor sosialfeltet og relaterte felt (helse, pleie og omsorg). Vernepleiarkandidatane skil seg mest frå kandidatar frå dei to andre sosialfaglege studia i så måte, både nasjonalt og når vi ser på kandidatundersøkingar frå UiT.

Nasjonale tal i rapporten «*Helse- og sosialpersonell 2000-2014 – Faktisk utvikling mot tidligere framskrivinger*» (https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/_attachment/266638?_ts=154c97508b8), gir ein oversikt over kor stor del dei aktuelle utdanningsgruppene utgjorde i ulike helse- og sosialtenester. Denne viser at barnevernspedagogane i 2014 utgjorde 30% av personellet i barnevernstenester, mens nest høgaste del for denne utdanningsgruppa var 9% i psykisk helsevern for barn og unge. Sosionomane utgjorde 18% av personellet i barnevernstenester, 13% i rusbehandling, 12% i sosialtenester og 9% i psykisk helsevern for barn og unge. Vernepleiarane var på si side representert i fleire tenester, men med lågare andelar på 5-8%. Dei utgjorde 8% av personell i rusbehandling, og var elles representert i tenestene pleie og omsorg, psykisk helsevern for barn og unge, psykisk helsevern for vaksne og i barnevernstenestene. Dette er nasjonale tal frå nokre år tilbake, men gir ein indikasjon på ta barnevernspedagogane er mest spesialisert, og vernepleiarane har størst spreiing på ulike tenesteområder.



Figur: Sosialfagkandidatar uteksaminert 2014-15 frå UiT og HiH etter bransje/teneste dei arbeidde i vinteren 2017. Kjelde: UiT Kandidatundersøking 2017. N=161

I UiTs kandidatundersøking frå 2017, er kandidatar uteksaminert frå dei tre utdanningane åra 2014-15 (frå UiT og Høgskolen i Harstad før fusjonen 1.1.2016) spurt om kva bransje/teneste dei arbeidde i vinteren 2017. Nesten alle kandidatane var i jobb (91%), og det store fleirtalet (78%) av desse var i arbeid i Nord-Noreg, så desse reflekterer den nordnorske arbeidsmarknaden for sosialfagkandidatar. Skilnaden mellom kandidatane frå vernepleieutdanninga og dei to andre sosialfaga er signifikante trass i at utvalet er relativt lite: Mens 63% av barnevernspedagogane og 53% av kandidatane frå bachelorstudiet i sosialt arbeid, svarte at dei arbeidde innanfor sosiale tenester/barnevern/miljøarbeid, var andelen berre 23% av vernepleiarane (Sjå figur). Fleirtalet (53%) av vernepleiarane svarde at dei arbeidde i pleie- og omsorgstenester. Mange av kandidatane har i tillegg oppgitt arbeidsgivar, og det gir noko tilleggsinformasjon om tenestene. Dei to vanlegaste tenestene for vernepleiarar er aktiviseringstilbod/arbeidstrening og arbeid i omsorgsbustad. For sosionomane er også aktiviseringstilbod/arbeidstrening vanlegast følgt av arbeid i NAV, mens dei to vanlegaste tenestene for barnevernspedagogane er arbeid i BUF-etat og barnevern/ungdomsteneste.

I kandidatundersøkinga er kandidatane også spurt om kva arbeidsoppgåver dei utfører, og kunne merke av for inntil tre ulike oppgåver. Også her kjem skilnaden tydeleg fram mellom vernepleiarane der 63% seier at dei arbeidde med pleie og omsorgsoppgåver, mens andelen som svarte slike arbeidsoppgåver var 28% mellom barnevernspedagogane og 20% av sosionomane. Fleirtalet av sosionomane (59%) og barnevernspedagogane (54%) sa at ei av arbeidsoppgåvene var sosialt arbeid, mens det gjaldt ein tredel (33%) av vernepleiarane. Ein tredel (33%) av vernepleiarane svarte at dei arbeidde med pasientbehandling, mens denne

oppgåva var svært uvanleg for dei to andre utdanningsgruppene. Alle tre gruppene svarte elles også at dei dreiv med saksbehandling, utgreiing, undervisning og rettleiing (14-28%).



Figur: Sosialfagkandidatar uteksaminert 2014-15 frå UiT og HiH si vurdering av utdanninga sin relevans for noverande jobb i 2017. Kjelde: UiT Kandidatundersøking 2017. N=161

Dei aller fleste sosialfagkandidatane meiner ifølgje kandidatundersøkinga at utdanninga er relevant, og er godt nøgd med den jobben dei har fått. Høgast del som svarde at utdanninga er relevant hadde vernepleiarane med 95% (81% svært relevant!), men andelen var også høge 87% av barnevernspedagogane og 84% av sosionomane (Sjå figur). Det store fleirtalet svarte også at dei var godt nøgd med jobben: Andelen som svarte «tilfreds» eller «svært tilfreds» var på høge 85-86% av vernepleiarane og barnevernspedagogane, mens det gjaldt 73% av sosionomane. Om lag ein tredel i alle tre utdanningsgrupper uttalte at dei var «svært tilfreds» med jobben.

Kandidatundersøkingane ved UiT viser såleis at kandidatane frå barnevern – og sosialfaga arbeider i stor grad i andre sektorar og med andre oppgåver enn vernepleiarar. Kandidatane frå vernepleie er klårare definert mot arbeid i bufellesskap.

Kap 5 UiT - Sosialfagleg profil

Dette kapitlet ser på fagmiljøa og fagtilboda ved IBS og IVP ut frå eit perspektiv der sosialfaga både kan skapa dominerande innslag rundt spesialisering i sosialt arbeid og ditto disiplinfag med innretting mot kunnskap i barnevern, vernepleie og arbeidet til sosionomar.

HSL og Helsefak har ulike kjenneteikn med omsyn til korleis dei ser på og handterer hhv. disiplinfag og profesjonsfag. Medan slike skilje blir opplevd som irrelevante ved profesjonsstudiar til lege, tannlege og i psykologi ved Helsefak, er skilja truleg dei meste relevante i oppbygginga lærarutdanningane ved HSL. Helsefak har imidlertid gjennom inkludering av tidlegare høgskoleutdanningar som sjukepleie og vernepleie fått nye utfordringar på dette feltet.

Før vi går meir inn på dette temaet, ein kort presentasjon av noen andre nøkkeltal. DBH viser at i 2018 hadde UiT 755 bachelorstudentar, fordelt på 325 i vernepleie (IVP), 300 på

barnevern (IBS) og 130 (IBS) på sosialfag. Vidare har universitetet 30 masterstudentar, der er 10 av dei registrert ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge RKBU (Helsefakultetet). Dette studiet er no i ferd med å bli overført frå Helsefak til HSL, dvs. frå RKBU til IBS. Det viktigaste kjenneteiknet er at ein svært liten del av studentane er masterstudentar, dvs. under 4 prosent av bachelor - og masterstudentane. To av masterutdanningane er på HSL, ei på HeIsefak. tillegg har UiT mange på etter – og vidareutdanning, primært ved Helsefak på RKBU og IVP.

IBS har i dag (2017) ein fagstab på 46, IVP har 32. Arbeidsgruppa drøftar såleis fagmiljø med totalt i underkant av 80 personar og har diskutert korleis fagmiljøa kan samarbeida på tvers av fakultet.

Arbeidsgruppa har gått gjennom to trekk ved dei sosialfaglege miljøa ved UiT i dag, avgrensa til fagmiljøa ved IBS og IVP. Utvalet har, ved hjelp av personal og organisasjonsavdelinga ved UiT – POA, gjort ei kartlegging av andelen av fagfolk med profesjonsspesialisering i sosial arbeid i fagmiljøa. Utvalet har vidare gjort ein gjennomgang av om dei enkelte emna i studietilboda på bachelornivå kan kategoriserast som primært profesjons – eller disiplinfaglege.

Ved IBS har 14 dr. grad (30 % av dei tilsette), ved IVP har 8 dr. grad (25 % av dei tilsette). Arbeidsgruppa har bede POA om å gjennomgå den formelle kompetansen til tilsette med omsyn til kva for fagbakgrunn dei tilsette har, dvs. om den er primært forankra i disiplinfag eller i det som kan kategoriserast som sosialfaglege profesjonsfag («sosialt arbeid»). Denne gjennomgangen viser følgjande trekk:

Tab 1: Prosentdel spesialisering «sosialt arbeid» fordelt mellom nivå (dr. grad eller ikkje dr. grad) og institutt (IBS eller IVP). (N) er antall med spesialisering i «sosialt arbeid»

	IBS	IVP	Totalt
Dr grad	14	25	19 (4)
Ikkje dr grad	34	13	25 (14)
Totalt	28 (13)	16 (5)	23 (18)

(Kjelde: POA)

I vår samanheng er det interessant at 23 % (1 av 4) har hhv. dr. grad eller masterutdanning (og i eit tilfelle bachelorutdanning) i sosialt arbeid, altså gjennom master eller dr. grad. i sosialt arbeid. Fordelingane er forskjellige på institutta. Medan 28 % ved IBS har spesialisering i sosialt arbeid, er andelen ved IVP 16 prosent. Tabellen viser også at ved IBS er overrepresentasjonen av spesialisering i sosialt arbeid hos tilsette utan dr. grad særleg stor

(34% av dei fagtilsette). Det betyr at ved IBS har meir enn 3 av 10 med masterutdanning i sosialt arbeid, medan 14 % på dr. grad nivå har dr. grad i sosialt arbeid (prosentueringsgrunnlaget for tilsette med dr. grad er svært lågt slik at prosentdelane må ikkje trekkjast for langt).

Tala kan vera eit uttrykk for at tilsette med spesialisering i sosialt arbeid er på veg inn ved begge institutta. Men tala i tabellen, den låge andelen med dr. grad med spesialisering i sosialt arbeid, kan også forklarast med at slik denne dr. graden er eit knapt gode ved at det berre er muleg å oppnå ved ved OsloMet og ved NTNU. Våre erfaringar er at i kampen om å rekruttera tilsette med dr. grad. i sosialt arbeid vinn som regel dei store institusjonane sørpå. Uansett vil tilboda ved OsloMet og NTNU ikkje vera tilgjengelege for tilsette ved UiT. Det vil sei at ein auke av delane av staben ved institutta med spesialisering i sosialt arbeid vil vera avhengig av at UiT på ein eller annan måte gir eit slikt tilbod.

Utvalet har vidare gått gjennom innhaldet i fagtilboda på grunnutdanningane med omsyn til om kursa primært er disiplinfag - eller profesjonsinnretta (slik vi har definert det over). Gjennomgangen viser:

Tab 2: Prosentfordeling mellom disiplin og profesjonsinnretting (sosial fagleg) i dei tre fagtilbuda.

Fagretning	Disiplininnretting	Profesjonsinnretting
Sosionomutdanning	50	50
Barnevernspedagogutdanning	58	42
Vernepleieutdanning	62	38

Ei samanlikning mellom tabell 1 og 2 viser at innslaget av utdanning i sosialfag i fagtilboda er langt høgre enn i spesialisering i desse emna fagstabane. Ut i frå drøftingane i arbeidsgruppa er det svært sannsynleg at ein del av undervisinga i profesjonsfaga skjer av tilsette utan slik utdanning og spesialisering. Vi kjem tilbake til meir om dette, men innstillinga i miljøa slik den blei rapportert til arbeidsgruppa er at ein ønskjer ei 50-50 fordeling mellom fagfolk med spesialisering i hhv. profesjonsfaget sosialt arbeid – og i disiplinsfaga.

Dette vil også kunna ha konsekvensar for rekrutteringspolitikk, dvs. av primært toppstillingar til miljøa. Der er det imidlertid også viktig rekruttering til toppstillingar også handlar om mange andre forhold, særleg slike som NOKUT er opptatt av.

Når det gjeld kompetansenivå, så har IBS 22 av 46 tilsette i fagstillingar (pr. sept. 2018) som førstestillingar. Ved IVP har tilsette i 14 av 26 fagstillingar (pr. sept. 2018) dette kompetansenivået.

Begge fagmiljøa har mange tilsette i anten ph.d. stipend (IBS:6, IVP: 5) og/eller i kvalifiseringsløp til førstelektor, dosent eller professor.

I sitt tilsyn (tilsynsrapport til UiT Norges arktiske universitet datert 1.02.2017) vurderte NOKUT situasjonen i fagmiljøet slik:

Med unnatak av barnevernspedagogikk oppfylte alle utdanningane i 2015 det talfesta kravet om at 50% av faglærarar skal ha førstekompetanse. (Dette er seinare blitt justert for barnevern slik at UiT også her møter nasjonale krav). Når det gjeld forsking etterlyser NOKUT ein klarare barnevernspedagogfagleg profil knytt til forsking og kunnskapsproduksjon. NOKUT ønskjer ein tydelegare relasjon mellom FoU og undervisning og dreg fram behovet for å sikra samspelet mellom praksis, utviklingsabeid og forsking i fagmiljøet. Når det gjeld sosialt arbeid, slår NOKUT fast at FoU-produksjon er låg (NOKUT tok utgangspunkt i 2014 og 2015 som hadde låge tal, medan ein i 2016 hadde over 22 publiseringspoeng). Vidare etterlyser NOKUT førstestillingar i alle sentrale delar av studiet. Vernepleiemiljøet plasserer seg i øvre sjikt nasjonalt når det gjeld forsking, men NOKUT etterlyser forsking på eit høgare nivå.

På bakgrunn av profilen ved det sosialfaglege miljøet ved UiT i dag meiner utvalet at utviklinga av miljøa bør ha følgjande tre hovudmål:

1. Utdanning av høg kvalitet og som oppfyller nasjonale retningsliner for utdanningane i vernepleier, barnevern og sosialt arbeid.
2. Tydeleg profil innan «sosialt arbeid» i tråd med nasjonale rammer for sosialfagleg utdanning.
3. Robuste fagmiljø (jfr. NOKUTs rapport) som er definert som både forskingsaktive miljø og miljø med praktisk/klinisk kompetanse.

Kap 6 Relevante tiltak

Utvalet meiner at relevante tiltak i vår samanheng er tiltak som tar utgangspunkt i analysen i kap 4 og 5 og som medverkar til at UiT når hovudmåla vi rekna opp over. Tiltaka er lanserte og drøfta med utgangspunkt i «tiltaksområde» som utvalet meiner er viktige å utvikla, og der IBS og IVP har felles interesser. Felles er innslaget av profesjonsfaget «sosialt arbeid», praksis i studieløpet, at mange kandidatar tek arbeid i same segment i arbeidsmarknaden og fleire faglege utfordringar i utdanning og forsking. Døme på dei siste er rekruttering og gjennomføring av masterutdanningane, implementering av dr. gradutdanningar i tråd med utviklingsmål i fagmiljøa og utvikling og rekruttering av førstestillingar.

Kap 6 reknar opp, presenterer og tilrår mulege tiltak for å rå med dei problema utvalet framheva over. Tiltaka er drøfta meir prinsipielt enn i kap. 6 i neste kapittel (7). Utvalet dreg fram tiltak innan ni mulege tiltaksområde. Utvalet har ikkje drøfta finansiering av tiltaka.

Tiltaksområde 1: Felles samfunnsprofil

Utvalet har ikkje prioritert å drøfta dette, men ut frå den runden vi har hatt på temaet konkluderer vi med å støtta innstillinga frå det eksterne ekspertutvalet (ref. over) om profilering rundt kunnskap i ein kontekst der kandidatar skal (som også kan knytast til læringsutbytte):

- Kunna arbeida i samfunn prega av store geografiske avstandar og lite folk (dvs. små einingar i arbeidslivet med det det inneber). I praksis betyr dette at fagmiljøa i einingane eller på kontora vil vera små, og at det er store slike avstandar til andre fagmiljø (som ofte også er små). Det kan i noen tilfelle bety mindre spesialisering og meir generalisme enn ved større einingar.
- Kunna arbeida i samfunn med relativ stor risiko for marginalisering (utstøyting, utestenging), dvs. at vegen frå å vera «normalt» integrert til å ha sosiale problem er ofte kortare enn i andre samfunn.
- Kunna arbeida i samfunn prega av etniske bestemte skilje, eller det som i stor grad vil vera knytt til tilhøve mellom det samisk og det norske. Dette vil handla om innsikt i samisk kultur, mangfald i slike samfunn og i spesifikke sosioøkonomiske tilpassingar også i høve velferdssektoren som gjerne er styrt av særeigne kulturar.

Desse tre profileringane er t.d. klårt uttrykt i fagplanen for sosialt arbeid som både har eit emne og ei forskingsgruppe med tittel «Mangfald og marginalisering». Likeeins er kunnskap om erfaring med arbeid i urfolk sentral, særleg ved IBS. Over blei det dokumentert at 78 prosent av kandidatane tek jobb i nord, og vil da jobba i samfunn der mange har dei tre kjenneteikna vi har presentert over.

Tiltaksområde 2: Grunnutdanningane (bachelorutdanningane)

Tiltaksområdet tar opp forholdet mellom fagtilbod og samansetjinga av fagstab, og organisering av grunnutdanninga for barnevern. Koordinering av praksis blir behandla under tiltaksområde 5.

Utvalet meiner at innafor dei tre fagmiljøa skal målet vera ei samla 50/50 fordeling mellom fagtilsette med spesialisering i hhv. profesjonsfaget sosialt arbeid og i ulike disiplinfag. Dette er ei oppfatning ved dei to institutta i dag, og utvalet legg dette til grunn. Utvalet registrerer at UiT er betydeleg unna å vera der i dag.

Det andre tiltaksområdet er organisering av grunnutdanninga for barnevern, dvs. om UiT skal endra den tre årige utdanninga til ei obligatorisk masterutdanning over fem år. IBS har behandla dette spørsmålet i eit internt utval og dette er også ein diskusjon som skjer ved andre universitet, m.a. UiA og Nord Universitet. Utvalet følgjer tilrådinga frå IBS og tilrår dermed ikkje etablering av ei femårig integrert masterutdanning i barnevern i denne omgang.

Tiltaksområde 3: Masterutdanningane

Ein konsekvens av at utvalet ikkje tilrår femårig integrert barnevernutdanning er at vi går inn for at UiT i dag skal leggja til grunn at vi skal ha spesifikke masterutdanningar som byggjer på gjennomført bachelor i dei tre faga. Dvs. tre to-årige løp, der to av mastertilboda i realiteten er under oppstart. Det gjeld erfaringsbasert master på 120 studiepoeng ved IVP, «Velferd, samarbeid og deltagelse». Og det gjeld master i barnevern som IBS har ansvaret for frå 2019, og som vil gå gjennom ein revisjon før planlagt opptak hausten 2020. Utvalet tilrår at UiT følgjer oppstarting og utviklinga av dei tre mastertilboda, og at vurderingane ikkje berre skjer på dei respektive fakulteta – men også i det utvalet vi føreslår i tiltaksområde 7.

Utvalet registrerer vidare at både NOKUT og Utdanningsavdelinga ved UiT (UTA) følgjer ei line som i praksis stimulerer til denne type spesialiserte masterprogram som vi har ved IBS og IVP, og ikkje meir generelle mastertilbod i profesjonsfag som Helefak. hadde som mål å etablera. Så lenge det er slik, er det ein argumentasjon for å halda på dei tre masterprogramma.

Utvalet understrekar også at kvart av dei tre programma må ha ei sterk forankring i ei relevant og vital forskingsgruppe. Den informasjonen utvalet har mottatt tyder på at arbeidet med dette må styrkast.

Utvalet har ikkje behandla spørsmålet om masterprogrammet i spesialpedagogikk ved ILP skal inkluderast i dette tiltaksområdet. Det er rekruttert ein del fagpersonale frå spesialpedagogikk til barnevernutdanninga . Utvalet har ikkje nådd å sjå nærmare på moglege fellesemne å samarbeide om, men dei er der truleg.

Utvalet har også registrert at Høgskolen i Innlandet har lagt ned sitt masterprogram i sosialt arbeid og erstatta det med emne i andre samfunnsfaglege masterprogram. Vidare at Umeå universitet har to masterprogram i sosialt arbeid. Eit er i eigen regi, det andre er i samarbeid med Ålborg universitet og Universitetet i Stavanger (i Nordic social work and welfare). Samt at instituttet ved Umeå universitet gir masterkurs om sosial politikk i programmet leiarskap og organisasjon. Universitetet gir mastertilboda både på campus og såkalla fleksibelt.

Utvalet har ikkje behandla erfaringane frå Høgskolen i Innlandet og Umeå Universitet i høve til situasjonen ved UiT, men registrerer at mastertilbod i sosialt arbeid blir gitt på mange måtar.

Tiltaksområde 4: Dr. gradutdanning

Utvalet har vurdert to ulike tiltak på dette områder;

(i) Etablering av eit (tverrfakultært) profesjonsretta dr. grads program i sosialt arbeid. Dvs. eit profesjonsretta dr. gradstudium ved UIT relativt likt det OsloMet og NTNU har.

(ii) At omsynet til utviklinga av kunnskap i sosialt arbeid på dette nivået ved UiT blir organisert gjennom å inkludera kurs i sosialt arbeid i etablerte program og/eller i stipendiatens eige løp.

Det første alternativet er i tråd med eit av forslaga frå Underdahl utvalet. Verken HSL eller Helsefak har i sine høyringar støtta dette forslaget, og begge fakulteta har sagt at omsynet til spesialisering i profesjonsfag er dekka i dagens organisering. Ut frå dette tilrår utvalet det siste tiltaket, men understrekar at dette ikkje er på plass i dag og at fakulteta må arbeida saman for å få dette til. Truleg er det viktigaste å sikra tilgjengeleg rettleiarkompetanse i sosialt arbeid. Dette hastar fordi før dette er i orden vil stipendiatar bli rettleia av folk med sin kompetanse i disiplinfaga, noe som igjen kan påverka den faglege profilen ved institutta. Og det kan igjen gjera innslaget av folk med dr. grad i sosialt arbeid i fagmiljøa for blir lågt i høve til eit 50/50 mål.

Tiltaksområde 5: Praksis

Arbeidsgruppa ser eit potensiale og ønske om meir koordinering rundt praksis. Praksisfeltet i særleg campuskommunane opplever å bli kontakta frå ulike fagmiljø uavhengig av kvarandre. Både kontakten om praksisavtalar og rettleiaropplæring vil vera område som kan inngå i ein fellesfunksjon. Sjølv om både finansiering og lovfesting er ulikt, vurderer utvalet det som uheldig at UiT står fram så lite koordinert arbeid med praksisavtalar.

Utvalet meiner at dei to fakulteta skal koordinera arbeid med avtalar i praksis, gjerne også gjennom å løfta avtaledelen opp til nivå 1. Utvalet foreslår at SKA får ansvaret for koordinering av praksisavtalane (etter mønster av det Helsefak gjer på fakultetsnivå i dag), at dette skjer i samarbeid med og koordinert med studieprogramma og at avtalane samla sett blir behandla i det sosialfaglege utvalet (tiltaksområde 7).

Utvalet registrerer positivt at miljøa også går lengre i samarbeid. IBS har gått saman med lLP om eit prosjekt (finansiert av SAKS midlar i 2018) for å digitalisera meir av arbeidet rundt praksis. Det gjeld både kontakten mellom universitet og studenten i praksis, men også administrative rutinar for studenten i hans/hennar praksisperiodar.

Tiltaksområde 6: Målretta rekruttering til toppstillingar

Utvalet registrerer at det er utfordringar knytt til både rekruttering av førstestillingar særleg med formell høg kompetanse i sosialt arbeid og til fagfolk med praktisk erfaring frå det sosial faglege feltet. Vi tilrår likevel at UiT skal målretta sitt arbeid med å utvikla og implementera

verkemiddel for å rekruttera denne kompetansen. Vidare at UiT utviklar strategiar for å utvikla eigne tilsette gjennom stipendiatperiodar til førstestillingar.

Utvalet tilrår at UiT i dette arbeidet byggjer på Helsefak. si organisering og erfaringar med kombinerte eller delte stillingar fordi denne ordninga truleg kan dekka både behovet for profesjons/praktisk kunnskap og kunnskap på høgt fagleg nivå.

Ordninga er inspirert av medisinutdanninga si ordning med bistillingar, men frå 2011 er sjukepleiarutdanninga også komme med i ordninga. Dei som blir tilsett, blir ståande med hovudstilling ved sin heimeinstitusjon (anten UNN eller UiT) og får normalt ei bistilling mellom 10 - og 20 prosent ved den respektive institusjonen.

Tilbakemeldingar frå eit utval på 29 som var i slike kombinerte stillingar ga gjennomgåande ei positiv vurdering av ordninga. Samarbeidet mellom institusjonane blei opplevd som mykje betre enn tidlegare og særleg at kombinerte stillingar styrka den praksisnære undervisninga.

Tiltaksområde 7: Sosialfagleg utval

Utvalet tilrår at HSL og Helsefak saman med universitetsleiinga etablerer eit utval samansett av dei to fakulteta, SKA og sentrale organisasjonar i velferdssektoren. Utvalet vil vera rådgjevande i høve til fakulteta, institutta og studieprogramma. Utvalet byggja på erfaringar frå det felles utdanningsutvalet ved Helsefak. Det kan også henta inspirasjon frå NTNUs organisering av ingeniørutdanningane som no blir drøfta mellom NT – og IVT fakulteta.

Utvalet har ikkje gått inn på ein brei drøfting av funksjonane til eit slikt utval, det reknar vi med universitetsdirektøren gjer i oppfølginga av utgreiingane om dei utvalde fagmiljøa. I høve til dei utfordringane og måla utvalet foreslår for sosialfaga, kan følgjande posisjon og rolle vera sentral eit sosialfagleg utval ved UiT:

- Følgja med kompetansesamansetjinga i dei enkelte fagmiljøa og i dei sosialfaglege miljøa samla. Sentralt er målsetjingane i fagmiljøa om at dei ønskjer at femti prosent av tilsette har spesialisering i sosialt arbeid, der utvalet særleg bør ha fokus om de sosialfaglege miljøa ved UiT samla når dette målet.
- Følgja med på og vurdera masterutdanningane. Utvalet har vist til at universitet og høgskolar gir utdanning på masternivå på ulike måtar, og med dei utfordringane UiT sine tre program har er det viktig å halda diskusjonar om dette temaet levande ved UiT.
- Følgja med på situasjonen når det gjeld tilgang til rettleiarkompetanse i sosialt arbeid på dr. gradnivå.
- Utvikla samarbeid med arbeidslivet om rekruttering til kombinerte toppstillingar.

Tiltaksområde 8: Utvikla samarbeid om FoU

Utvalget tilrår at samarbeidet blir styrka på tvers av institutta. Vi har gått gjennom listene over forskingsgrupper ved IBS og IVP. og tilrår at fakulteta vurderer inndelinga av forskingsgrupper med omsyn til å samorganisera eller koordinera grupper som arbeider med same eller nærliggjande tema. HSL er i ein prosess der det ser på si organisering av forskingsgrupper, og IVP konsentrerer har nyleg bestemt å organisera si forsking i Arktisk senter for velferds- og funksjonshemmingsforskning (ASVF). Utvalet registrerer at det ikkje verkar å vera noen kontakt mellom fakulteta i desse endringsprosessane.

Utvalet viser her også til tiltaksområde 3 (masterutdanningane) der det blir vektlagt at masterprogramma må ha sterke forankringar i vitale forskingsgrupper, og at dette bør vera eit felles ansvar for dei to fakulteta.

Tiltaksområde 9: Meir praksisnær forsking

Praksisnær forsking er retta mot å handtera og løysa konkrete sosiale problem, samt å forstå samanheng og kompleksitet i slike. Slik kunnskapsutvikling er sentralt for utviklinga av sosialt arbeid.

Det eksterne ekspertutvalet (op. cit:12) viste at fagmiljøa i perioden 2011-2015 med unnatak av enkeltår hadde låg poengproduksjon basert på vitskapleg publisering. Denne utviklinga heldt fram i 2016 og 2017 (høg publisering ved IBS i 2016).

Utvalet er samd med NOKUT si etterlysing av at UiT må få opp ei meir aktiv forsking mot praksisfeltet, dvs. i dei sektorane, felta og posisjonane i arbeidslivet kandidatane går inn i. Særleg er det viktig med meir forsking mot barnevernfeltet, noe som blei vektlagt i rapporten frå det eksterne ekspertutvalet (jfr. over). Det er også sentralt at miljøa deltar i søknadsprosessar om Sentra for framifrå utdanning (SFU) innan tverrprofesjonell praksis med basis i slik forsking og kompetanse.

Utvalet er kjent med er veksten i internasjonal forsking om sosialt arbeid ved Umeå universitet, «Institutionen för Socialt Arbete» – der miljøet ved Umeå universittet knyt veksten til både tilsetjing av professor II'arar som bur og arbeider i USA og til eit årelangt djupt samarbeid med Umeå kommuns socialtjänst. På bakgrunn at denne erfaringa tilrår utvalet bruk professor II'arar slik Umeå universitet har gode erfaringar med.

Kap 7 Kva for prinsipielle spørsmål reiser tiltaka?

Utvalet meiner at det er avgjerande for norsk samfunnsutvikling at universiteta bidrar til framifrå forsking, utdanning og praksis som fremjar ei brei samfunnsintegrering. Og at sosialfaga gjennom å skapa gode miljø innan sosialt arbeid knytt til barnevern, vernepleie og

sosionomutdanningar ved universiteta er ein nøkkel. Det er vidare viktig at vi bidrar med kunnskap som fremjar integrasjon og fellesskap gjennom deltaking t.d. i samfunns- og arbeidslivet og at vi gjer det i god forståing og samhandling med nøkkelinstitusjonar som Nav.

Drøftingane i utvalet har handla om to prinsipielle forhold:

For det første om UiT oppfattar at den sosialfaglege forskinga, utdanninga og praksisen vi skal utvikla handlar primært om å utvikla ein eller fleire sosialfaglege profesjonar (jfr. over - både sosionom og vernepleier er verna titlar), eller om at sosialfaga primært kan medverka gjennom å utvikla (mange eller eit utval av) spesialiserte kunnskapar med utgangspunkt i disiplinfaga ved UiT. Utvalet registrerer at dette spørsmålet blir opplevd meir aktuelt ved HSL enn ved Helsefak. Det er likevel slik at kor UiT legg seg i dette lendet, og UiT er ikkje konsolidert der, er avgjerande for dei strategiane UiT må utvikla.

For det andre om på kva måte og i stor grad organiseringa av sosialfaga ved UiT skal påverka innhaldet i faga. Ved UiT er fagmiljøa (grunn -, master – og dr. gradutdanningane, forsking) som utdannar sosionomar, barnevernspedagogar og vernepleiarar del av to ulike fakultet og dermed del av to faglege linjer som har ansvaret for akkreditering av dei aktuelle utdanningsprogramma. Utvalet framhevar at utviklinga av sosialt arbeid som *ein* sosialfagleg profesjon ved UiT i stor grad vil vera avhengig av samhandlinga mellom dei HSL og Helsefak, og kanskje også andre fakultet. Korleis andre fakultet kan inkluderast er ikkje behandla i utvalet.

Dette kapitlet behandlar desse prinsipielle sidene i høve til dei tiltaksområda som er presentert og drøfta i det førre kapitlet.

Tiltaksområde 1: Felles samfunnsprofil

Den føreslåtte posisjonen byggjer på at IVP beheld og utviklar sin fag profil i sosialt arbeid rundt deltaking, likeverd, demokrati etc. Det gjer ein etnisk profil naturleg. Utvalet har også registrert at vernepleieutdanningane nasjonalt ikkje har ønska eit samisk innslag i nye nasjonale retningsliner og at dette reflekterer at profilane i vernepleiarfaget varierer sterkt nasjonalt. Utvalet framhevar IVP sin profilering som sentral for at UiT kan ha den føreslåtte samlande samfunnsprofilen.

Tiltaksområde 2: Grunnutdanningane

Utvalet har vist tiI at dei tre grunnutdanningane har om lag 50 prosent av emna ei innretting spesifikt mot sosialt arbeid og 50 prosent er disiplinfagleg (heilt likt i sosionomutdanninga og ein liten overvekt i favør disiplinfag i barnevern. I vernepleie er fordelinga 60 – 40 i favør av disiplinfag. Vidare at samansetninga av fagstabane ikkje følgjer dette forholdet ved at folk

med spesialisering i sosialt arbeid utgjer eit klart mindretal i fagmiljøa. Her er også viktig å gjera merksam på at dette i stor grad også er situasjonen ved andre norske utdanningsinstitusjonar som tilbyr sosialfaglege utdanningar. Vidare er det gjennomgåande at det på førstestilling nivå er ein dominans av disiplinfagleg spesialisering.

Eit særleg tema i grunnutdanningane har vore spørsmålet om gjera barnevernutdanninga fem årig. I januar 2017 lanserte rektor og leiinga ved IBS at UiT var klare for å starta eit femårig integrert masterprogram for utdanning til barnevernet (https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/J8kK7/Kort-sagt-4-januar). Argumentasjonen til rektor og instituttleiing ved IBS var behovet for ei kunnskapsbasert utdanning i barnevern. Dei to åra som har gått har ytterlegare etterspurd meir kunnskap på dette feltet, både om norsk barnevern og om barnevern i eit komparativt internasjonalt perspektiv. Slike analysar viser at norsk barnevern skil seg frå barnevern i andre Norden på viktige område, så mye at det omtales som «Barnvernmysteriet» i ein stor gjennomgang i august i 2018 (https://www.dagogtid.no/barnevernmysteriet/). Det er også blitt eit fokus på at barnevernet varierer sterkt mellom kommunane.

IBS sette ned eit utval som vurdera om UiT skal gjera grunnutdanninga fem årig. Dette arbeidet konkludert med at UiT heller skal gå for eit 3+2 opplegg, dvs. eit bachelor løp med eit to årig mastertillegg (Prosjekt 5 årig integrert sosialfaglig utdanning, IBS/HSL 2018). Utvalet tilrådde de facto å halda på den ordninga vi har i dag. Følgjande argument blei presentert i notatet:

Argumenta for dagens ordning (tre+to):

- Bologna-erklæringa om strukturen med 3+2+3 som internasjonal mal for gjennomgåande løp.
- Arbeidslivet har ikkje tydeleg etterspurd ei integrert 5-årig utdanning .
- For tida er det ikkje lønsmessige insentiv tilsvarande det ein har innan skolen gjennom lektorposisjonen.

Argumenta for ei integrert fem årig grunnutdanning:

- Fem år gir større rom for meir fagleg fordjuping innan ulike sider ved barnevernet.
- At ei integrert utdanning vil reflektera i høve til kunnskapsinnhald at barnevernutdanning er blitt ei universitetsutdanning.
- At ei slik løysing vil på sikt letta rekruttering av fagfolk til fagmiljøet ved universitetet.
- At UiT alt i stor grad har fagplanar på plass

Utvalet har ikkje noe grunnlag for å overprøva vurderingane til IBS. Vi tilrår at UiT følgjer konklusjonen til IBS sitt interne utval vedrørande 5-årig masterutdanning og at UiT dermed beheld bachelorutdanninga i barnevern. Utvalet vil likevel leggja til at det er viktig at universitetet følgjer nøye med på utviklinga på feltet og kontinuerlig vurderer om

grunnutdanninga evnar å formidla den mengda av kunnskapen som er naudsynt for å utvikla eit barnevern som evnar å hjelpa barn og familiar i svært vanskelege situasjonar.

Tiltaksområde 3: Masterutdanningane

UiT har i dag følgjande ilbod om masterutdanning:

- «Sosialt arbeid» med opptak anna kvart år (IBS).
- «Barnevern», finansiering frå Barne - , ungdoms - og familiedirektoraratet (BUF-dir.) ut 2017. Siste kull leverer masteroppgåve til RKBU i 2019. Eit masterprogram i Barnevern blir gitt av IBS frå 2020.
- «Velferd, samarbeid og deltagelse», erfaringsbasert master (IVP).

Alle dei tre tilboda er forholdsvis nye, har hatt god søking, men gjennomføringane har variert. Ved master i «sosialt arbeid» fullførte to i det første kullet. I det andre er det no fem aktive studentar. RKBU opplyser at gjennomføringa i dei siste kulla på master i «barnevern» er forholdsvis god. I begge programma kom det fram at mange av har forventning om å kunna kombinera studiet med tilnærma fullt arbeid, og at dette er krevjande. «Velferd, samarbeid og deltagelse» startar opp etter omfattande revisjon våren

Utvalet har ikkje vurdert spørsmålet om undervisningsform, dvs. om tilboda t.d. bør vera på heil – eller deltid, eller campus – eller samlingsbasert.

I dag er mastertilboda på nasjonalt nivå slik:

- Barnevern blir i dag gitt ved UiB, UiO, OsloMet, NTNU, og ved UiT (jfr over).

- Sosialt arbeid blir gitt ved institusjonane i punktet over samt ved UiA , UiS, Nord Universitet, Høgskolen i Volda.

- Det ser ikkje ut til å vera eit spesifikt tilbod som master i vernepleie, men vernepleiarforbundet tilrår fleire relevante masterstudium (https://vernepleier.no/vernepleier/masterstudier/).

- Høgskolen Innlandet la ned sitt tilbod i sosialt arbeid p.g.a. svak rekruttering og erstattar det med delemne i fire andre masterar («Psykososialt arbeid med barn og unge», «Sosialfaglig arbeid med barn og unge», «Psykisk helsearbeid» og «Miljøpsykologi»).

Gruppa tilrår ikkje at UIT vurderer endringar i sitt tilbod no, også fordi UiT etter det utvalet erfarer ikkje har tilgrensande tilbod som kan konkurrera ut programmet.

Elles viser vi til omtalen i kap. 5, der standpunktet om å byggja på og utvikla tre masterprogram er basert på ein situasjon der det frå UiT si side er lagt opp til spesialiserte

program (også med støtte frå velferdsfeltet utanfor UiT). I ein situasjon der UiT legg opp til større, breie og generelle program må slike tema vurderast på ny.

Tiltaksområde 4: Dr. gradutdanning

På ph.d. nivå har OsloMet og NTNU som har utdanningstilbod i sosialt arbeid. Desse tilboda har vore brukt av tilsette ved IBS, men ikkje av tilsette ved IVP, før desse miljøa blei ein del av UiT. Etter dette er ikkje desse tilgjengelege fot tilsette ved UiT.

Vi viste i det førre kapitlet til høyringane frå HSL og Helsefak til Underdahl utvalet sin rapport. Underdal rapporten om «stillingsstruktur ved universitet og høgskolar» føreslo å erstatta dosentløpet med ei dr. gradutdanning i profesjonsfag (https://www.regjeringen.no/contentassets/718a967d80c74517a38f6dba7e61e524/2018-05-08-utvalgsrapport.pdf). Der seier utvalet følgjande på side 23:

«*Den kompetansen som profesjonsrettet undervisnings- og FoU-kompetanse representerer for de tradisjonelle profesjonsutdanningene, er på tilsvarende måte viktig for å sikre høy relevans for utøvelsen av de aktuelle yrkene. Dette vil innebære en vektlegging av kobling mellom forskning, profesjonsrettet kunnskap og pedagogisk utviklingsarbeid som er rettet inn mot yrkesfeltet og den utdanningsvirksomheten som skal produsere kandidater for dette yrkesfeltet. Et slikt PhD-løp vil kunne sikre både den vitenskapelige standarden, og samtidig sikre viktig nærhet til yrkesfeltet. Dosent-stigen foreslås faset ut, og erstattet med et PhD-løp innrettet mot profesjonsfag som grunnlag for karrierevei i professor-stigen eller i FL-stigen.*» (side 23).

Til dette understreka HSL fakultetet i si høyring at det ikkje ser koplinga mellom utfasing av dosentstillingane og innføring av et nytt ph.d. løp innretta mot profesjonsfaga. Dagens ph.d. ordning vert oppfatta tilstrekkeleg fleksibel og fakultetet ønskjer difor ikkje faste profesjonsløp i tillegg til eksisterande der slike opplegg er mulege i dag. Helsefak ser heller ikkje behov for ein eigen profesjons ph.d. Det peikar på at dagens ordning dekkjer profesjonsutdanningane. UiT har i sitt samla høyringssvar peika på at UiT har fagmiljø og vitskaplege tilsette frå tidlegare høgskolar. UiT meiner likevel at det er rekrutteringsutfordringar nettopp i profesjonsfaga som treng andre løysingar enn dei Underdahlutvalet føreslår.

Utvalet understrekar at UiT må sikra at dei måla og strategiane fagmiljøa på institutta formulerer må avgjera korleis fakulteta samla organiserer sine dr. grads utdanningar. Vi understrekar igjen at truleg den viktigaste flaskehalsen i dag er tilgang på rettleiarkompetanse i sosialt arbeid.

Tiltaksområde 5: Praksis

Praksis i grunnutdanningane har 45 poeng eller utgjer 25% av studiet totalt. Sosionomutdanninga og barnevern - har to praksisperiodar medan vernepleie har tre. Det er press på gode praksisplassar og særleg sosialt arbeid og vernepleie brukar nokre av dei same

praksisverksemdene. Dei sosialfaglege utdanningane «konkurrerer» også i fleire tilfelle med utdanningar ved IHO (særleg sjukepleie) om praksisplassar, der sjukepleie «vinn».

Ei utfordring i høve til å finna gode praksisplassar er at dei sosialfaglege utdanningane møter ein annan situasjon enn både sjukepleie - og lærarutdanningar. Her ligg det i botn lovpålegg om at kommunar skal ta imot praksisstudentar. Det følgjer også øyremerka midlar til dette. Sosialfag og vernepleie har ikkje slik lovfastsetjing og må i stort omfang tilby rettleiingshonorar til eksterne rettleiarar. Det siste gjeld ikkje vernepleie frå hausten 2018. Institusjonane i velferdssektoren oppfattar det slik at dei skal sørga for praksisutdanning for sjukepleiarstudentar, medan dei skal medverka til det same for studentane på sosialfaga.

Koordinering mellom fakulteta slik vi beskriv den i kap. 6 må ikkje fortrenga sentrale læringsmål i dei ulike utdanningane, men dette treng ikkje å vere ei motsetjing om ein får ei god organisering av arbeidet med praksisavtalar der faglege omsyn er tydelege både frå UiT og praksisverksemdene.

Ved meir koordinering mot praksisverksemdene, får fagmiljøa og utdanningane eit betre utgangspunkt for tverrprofesjonelt samarbeid. Dette har fleire gonger blitt trekt fram som eit mål utdanningane bør strekka seg etter. Organisering av framtidig kommunal helse, omsorg - og sosialteneste legg også til rette for at dette kan styrkast i framtida (t.d. i det nye omsorgssenteret i Alta kommune med alt på ein stad).

Vi understrekar at forslaget om å inkludera SKA på nivå 1 ved UiT i praksisorganiseringa også byggjer på SKA sine erfaringar knytt til å handtera avtalar med regionråda og ulike typar utdanningssamarbeid med arbeidslivet. Helsefak. har formidla utvalet at deira alternativ til at nivå 1 ved UiT (ved SKA) tar denne rolla er at UiT beheld organiseringa av praksisavtalane slik den er i dag.

Tiltaksområde 6: Delte stillingar med velferdsinstitusjonar

Utvalet tilrår ei ordning med kombinasjonsstillingar etter mønster frå Helsefak., særleg på medisinstudiet. For sosialfaga vil dette vera eit samarbeid med nøkkelinstitusjonar som Nav, kommunalt barnevern og ulike bu – og arbeidsfelleskap. Utvalet har også merka seg at Finnmarksmodellen i legeutdanninga har to legespesialistar pr. emne som eit muleg utgangspunkt.

Her er det viktig å presisera at utvalet ikkje har behandla finansieringa av kombinerte stillingar i sosialt arbeid. I dag er dei kombinerte stillingane ved Helsefak. i stor grad finansiert via løyvingar frå Kunnskapsdepartementet, utdanningstilskotet ved UNN og ulike samarbeidsmidlar (med primært kommunar i Troms) der dei fagområda utvalet behandlar

ikkje inngår. Dei økonomiske tilhøva rundt eit slikt tiltak må sjølvsagt avklarast av universitetet.

Også ein slik modell er utfordrande fordi det ikkje opplagt at det er kompetanse på førstestillingsnivå tilgjengeleg i velferdsinstitusjonane. Begge institutta sine erfaringar er at dei får flest søkjarar på stillingar innan samfunnsvitskaplege fag og da frå folk med førstestillingskompetanse i sosiologi, sosialantropologi og statsvitskap. Men institutta får færre søkjarar med mastergrad eller på høgre nivå innan sosialt arbeid og sosialpedagogikk. Det same gjeld innan juss og psykologi. Det understrekar behova for å utvikla relasjonar mellom dei fagmiljøa som primært er omhandla i arbeidet til utvalet og andre fagmiljø, som dei innan juss og psykologi.

Tiltaksområde 7: Sosialfagleg utval

Vi tek ikkje opp prinsipielle sider ved dette utover det som er kapittelet før og kapitla etter, særleg siste avsnittet i rapporten, jfr. førre kapittel. Den viktigaste prinsipielle sida er at det er fakulteta som akkrediterer programma ved sine respektive fakultet og at det er viktig at UiT finn ei rolle for utvalet som ikkje gjer ansvarstilhøve utydeleg.

Tiltaksområde 8: Meir samarbeid mellom IBS og IPV om FoU

Dei to institutta har totalt seks forskingsgrupper. Fleire av dei er tematisk overlappande. Etter det utvalet kjenner til er det er samarbeid berre gjennom prosjektet: «Arbeidsinkludering, innovasjon, læring i Nav» (ALIN) som IBS fekk finansiert frå Nav i 2017. Her er tre av gruppene frå IBS og ei av gruppene frå IVP representert. I arbeidet i regi av samarbeidsavtalen med Nav er det tatt opp behov for meir og breiare forsking, særlig kvantitative studiar som går utover IBS og IVP sin kompetanse og kapasitet. Til NOKUTs påpeikingar om forskingas plass så reiser denne eit spørsmål om kva for forsking (som bør/kan) i større grad enn no rettast mot praksisfeltet? Der er det særleg innan barnevernet NOKUT etterlyser meir praksisnær forsking og ikkje i same grad innan sosionomutdanninga.

Tiltaksområde 9: Meir praksisnær forsking

NOKUT etterlyser i si akkreditering meir aktiv forsking retta mot praksisfeltet. Dvs. mot dei sektorane og oppgåvene kandidatane går ut i. Vi oppfattar det slik at den forskinga NOKUT etterlyser er knytt opp mot profesjonsfaga – eller faget «sosialt arbeid» slik utvalet har brukt det i rapporten.

NOKUT etterlyser meir tradisjonell forskingstilnærming som kan gje meir publisering på nivå 1 og 2. Vidare (jfr. også over) er det for lite spesifikk barnevernretta forsking, medan det innan sosialt arbeid dominerer samfunnsvitskapeleg forsking knytt til disiplinane. Begge delar kan vera manglar i høve til påpeikingane til NOKUT. Det er også komme opp (mellom anna i det tidlegare refererte ekspertutvalet) at forskinga i stor grad er basert på kvalitative analysar

og i mindre grad prega av surveyar og bruk av store analysar av store datasett. Utvalet har ikkje tatt stilling til dette, men det er heilt klart viktige innspel til utviklinga av forskinga.

Eit aspekt er andelen av fagmiljøa som har erfaring frå praksisfeltet. Både i Alta og Harstad har ein låg andel av personale med erfaring frå tiltak i det kommunale barnevernet. Dette vil praksisfeltet peika på som ein svakhet, og er delvis det NOKUT etterlyste. Men her er ikkje UiT i noko særstilling samanlikna med andre institusjonar.

Kap 8 Kva er positive og negative verknader av tiltaka?

Utvikling og styrking av sosialfaglege profesjonsfag ved UiT vil kun ha positive verknader. For samfunnet og for UiT. Tiltaka har imidlertid risikoar, både om dei blir realisert og i høve til muligheter for å realisera noen av dei. Det siste blir behandla i kap 9.

Det er særleg på to tiltaksområde tilrådingane frå utvalet kan få konsekvensar som er usikre i høve til om vi når målet om styrking av dei aktuelle profesjonsfaga. Det er på to område der utvalet har slutta seg til anbefalingar frå fagmiljøa.

Det eine er at UiT legg bort ideane om å endra grunnutdanninga i for barneverns frå tre til fem år. Der, vi ser bort frå noen generelle grunngjevingar, er argumentasjonen primært knytt til at den tre årige utdanninga fungerer godt med mange søkjarar, mange studentar og forholdsvis god gjennomføring, samt at denne utdanninga får gode skussmål av mange av mottakarane av kandidatane, og at karrierestigar i arbeidslivet og arbeidsmarknad er tilpassa denne utdanninga. Men det er også slik at masterutdanninga ikkje har ei endelege form vi er sikre på ved UiT, og andre universitet gjer endringar basert på at dei store kunnskapsbehova i norsk barnevern ikkje blir dekka og at det er nok desse som vil vera i førarsetet i utviklinga av faginnhaldet i norsk barnevern i framtida.

UiT har imidlertid utvikla vidare utdanningsemne som alle er på masternivå i tråd med behov i dei tenestene som er retta mot barn og unges psykiske helse og barnevern. Noen av RKBU sine vidareutdanningsemne bør vera relevante for masterutdanningar. Dette gjelder spesielt HEL-3505 Førebyggjande psykisk helsearbeid blant barn og unge. Dette er eit vidareutdanningsemne som gir en innføring i førebyggjande og helsefremjande arbeid blant barn og unge og passar godt for personer som skal arbeide med denne gruppa. HEL-3504 Metodiske samtalar med born er eit vidareutdanningsemne som også er relevant. Der er fokus korleis barn kan inkluderast i undersøking, vurdering og planlegging av utviklings- og hjelpetiltak i barnevern og helsetenester.

Det andre er avvisinga av ideen om ei eiga dr. grads utdanning i sosial – eller profesjonsfag ved UiT. Årsaka til avvisinga er at dr. gradutdanningane ved UiT dekker desse behova i dag. Prinsipielt støttar utvalet dette, men vil likevel leggja til at arbeidet i utvalet har vist at vi er eit

godt stykke unna at dette i praksis er tilfellet i dag. Når mulighetene til fagmiljøa ved dei tidlegare høgskolane i Finnmark og Harstad har for å delta i andre universitet sine program i sosialt arbeid og sosialfag er borte, er det avgjerande at UiT tilbod som dekkjer same kompetanse og behov. Ut frå orienteringar i utvalet om organisering av dr. gradutdanninga er signala at det er lite i vegen for at dr. grad løp innan dagens ordning kan leggjast opp rundt emne i sosialt arbeid. Eit større problem er tilgjengeleg rettleiarkompetanse.

Kap 9 Kva for tiltak tilrår utvalet?

I kapittel 6 har vi identifisert og foreslått og drøfta tiltak på ni område. Utvalet meiner at utforming og realisering av tiltak for å sikra desse måla må gjerast av fakulteta saman. Utvalet føreslår, basert på gjennomgangane i kap. 6 og 7, at tiltaka skal:

Utvalet meiner at følgjande mål er sentrale for UiT si utvikling av sosialt arbeid og sosialfaga:

- Sikra at minst 50 prosent av fagstabane totalt ved IBS og IVP har spesialisering i sosialt arbeid retta mot aktuelle grupper.
- Sikra kvalitet gjennom felles koordinering av praksis i grunnutdanningane.
- Sikra masterutdanning i sosial arbeid, enten gjennom tre, to eller eit program.
- Sikra rettleiarkompetanse i dr. grad. utdanningane i sosialt arbeid.
- Sikra at master - og dr. - gradutdanninga har forankring i vitale relevante forskingsgrupper.
- Sikra kunnskap i sosialt arbeid gjennom kombinerte stillingar med velferds-institusjonar.
- Utvikla relevante internasjonal forskingspublisering gjennom (eventuelle) felles II'ar stillingar.

Utvalet tilrår at UiT sitt arbeid med å realisera desse utviklingsmåla bør skje gjennom eit utval for «utvikling av sosialfaga ved UiT» samansett av Helsefak og HSL, Senter for karriere og arbeidsliv (SKA) og sentrale organisasjonar i velferdssektoren som følgjer utvikling av dei relevante fagmiljøa, utdanningane og forskingsaktiviteten. Utvalet er rådgjevande i høve til fakulteta, institutta og studieprogramma. SKA si rolle er å koordinera og organisera praksisavtalar i bachelorutdanningane.

Utvalet har ikkje behandla eller avklart økonomiske føresetnader for å realisera utviklingsmåla.

Kap 10 Føresetnader for vellukka gjennomføring

Det er fleire forhold som utgjer generelle føresetnader eller bakgrunnar for implementering av tiltaka. Utvalet dreg avslutningsvis fram tre slike:

1. UiT må etablera ei konsolidert oppfatning om korleis sosialfaga ved UiT skal bidra til utdanning, forsking og praksis i sosialt arbeid.
2. UiT må utvikla strategiar basert på at sosialfaga slik dei inngår ved IBS og IVP er «umodne» som akademiske fag.
3. UiT må utvikla unike strategiar når det gjeld samhandling med velferdssektoren som medverkar til å heva kunnskap i sosialt arbeid og om praksisfeltet ved universitetet.

Utdanningane blir opplevd som relevante frå kandidatane si side. Dette er også eit godt utgangspunkt, og det vises implisitt i studenttala i bachelorutdanningane. Det vil sei at endringane ved UiT må genererast ut frå universitetet sine oppfatningar av kva desse faga skal vera for noe, både med omsyn til fagmiljøa på UiT sine oppfatningar og korleis vi tenkjer oss den sosialfaglege profesjonen framover, primært i nord, dvs. kva vil kjenneteikna barnevernet, Nav og offentleg og privat habilitering og rehabilitering.

Det er også slik at kjenneteikn ved dei aktuelle fagmiljøa ved UiT i dag vil setja rammer. Sosialfaga slik dei er representerte ved IBS og IVP er relativt nye som akademiske fag, og store delar av grunnutdanningane er praksis. Det får konsekvensar for mastertilboda som både er nye hos oss og som skal rekruttera frå segment utan den tradisjonen som til dømes medisin har og som samfunnsfaglege disiplinfag er. Implementering vil ikkje berre handla om at fagmiljø samarbeider, men like mye om på sikt å medverka til at universiteta blir meir og meir sentrale i utviklinga av sosialt arbeid og velferdssektorane. Dette utgangpunktet, saman med at sentrum for dei profesjonsretta fagmiljøa i sosialt arbeid er og har vore i sør, medfører også at UiT har få kandidatar til fagmiljøa å konkurrera om. Og at det er ikkje same tradisjonar som i andre fag med omsyn til vitskapleg produksjon og innhenting av eksterne forskingsmidlar.

Utvalet foreslår at UiT opprettar eit organ eller eit utval som inkluderer dei to fakulteta, SKA og sentrale organisasjonar i velferdssektoren. Mønsteret er tilsvarande utval for helsefaga ved Helsefak. For å få dette til er fleire forhold viktig å ta omsyn til. Vi dreg fram to: For det første er den formelle akademiske kompetansen i denne delen av velferdssektoren langt tynnare enn den er i helsesektoren. Dette krev unike strategiar tilpassa denne situasjonen. For det andre at organiseringa har legitimitet i fagmiljøa og at fakulteta og rektorat avklarar dette organet sin relasjon til dekanar og til instituttleiarar. Det vil også vera avgjerande å utvikla sams kulturar rundt praksisnær forsking for å implementera felles forskingsgrupper. Tiltaka føreset også avklaringar mellom fakulteta og nivå, særleg i høve til korleis praksis-koordinering skal handterast.